

Årsrapport
2006

JÆRMUSEET



OMTALE AV VERKSEMDA

Jærmuseet er eit kombinert museum og vitensenter. Det gir institusjonen særlege utfordringar og mulegheiter – både fagleg og administrativt. Kjernaktiviteten i eit vitensenter er populærvitskapleg formidling gjennom interaktive utstillingar og eksperiment. Den pedagogiske verksemda vil ha eit sterkare fokus i eit vitensenter enn i eit tradisjonelt museum. Erfaringane viser at vitensenterutstillingane engasjerer eit langt breiare publikum enn tradisjonelle kulturhistoriske eller naturhistoriske utstillingar.

Samtidig skal me ivareta grunnleggande museumsoppgåver som innsamling, bevaring, dokumentasjon og forsking. Men samspelet mellom museumsrolla og vitensenterrolla gir og styrke og nye mulegheiter i forhold til tradisjonelle vitensentra. Musea sin tilgang til dokumentasjon, samlingar, historie- og tradisjonskunnskap inneber at institusjonen lettare kan formidla naturvitenskap og teknologi innanfor ei historisk, kulturell og almenndannande ramme.

Jærmuseet har to hovudavdelingar:

- *Vitengarden*, Nærø, har eit særleg ansvar for dei «grøne» naturvitenskapane og formidlar kunnskap og opplevingar knytt til kulturlandskap, reiskapsutvikling, jordbruk og matproduksjon i vid forstand.
- *Vitenfabrikken*, Sandnes, har regional industri- og teknologihistorie, matematikk og astronomi som viktigaste arbeidsområde.

Jærmuseet har elles driftsansvaret for:

• Hå bygdemuseum	• Gjesdal bygdemuseum
• Klepp bygdemuseum	• Samlingane til Randaberg bygdemuseum
•	• Science Circus, "vitensenter på hjul"

Jærmuseet sitt hovudkontor ligg på Vitengarden, Nærø i Hå kommune.

Styret

Pr. 31.12.2006 hadde styret i Jærmuseet desse medlemmene:

Martha J. Ulvund, styreleiar
(frivillige medlemmer)

Ivar Rusdal (frivillige medlemmer)

Roald G. Bergsaker, nestleiar
(Rogaland fylkeskommune)

Karl Edvard Aksnes (Gjesdal kommune)

Terje Mjåtveit (Hå kommune)

Elfin Lea (Klepp kommune)

Tor Alm (Randaberg kommune)

Jostein W. Rovik (Sandnes kommune)

Per Øhman (Sola kommune)

Michael Evans (Time kommune)

Olav M. Bråtvæit (Tilsette)

Varamedlemmer:

Torleiv Bilstad, (frivillige medlemmer)

Tobias Ånestad (frivillige medlemmer)

Liv Todnem (Rogaland fylkeskommune)

Knut Fjeldheim (Gjesdal kommune)

Magnar Matningsdal (Hå kommune)

Håvard Erga (Klepp kommune)

Leif Egil Torkelsen (Randaberg kommune)

Norunn Østråt Koksvik (Sandnes kommune)

Ernst Schønborg (Sola kommune)

Arnfinn Vigrestad (Time kommune)

Solveig Hope (Tilsette)

Namn på organisasjon og avdelingar

Styret har i 2006 vedtatt ny logo for Jærmuseet og nye namn på hovudavdelingane.

Ein har halde på Jærmuseet som felles namn på organisasjon. Jærmuseet er den juridiske eininga og arbeidsgjevar for alle tilsette. Jærmuseet si avdeling på Nærø heiter nå *Vitengarden*, medanavdelinga tidlegare Sandnes museum har fått namnet *Vitenfabrikken*.



Ordførar i Klepp,
Elfin Lea,
åpnar utstillinga
«Slid på Jæren»
på Haugabakka.
Foto: ???

MUSEUMSREFORMA

Jærmuseet har i 2006 overtatt driftsansvaret for Klepp bygdemuseum og forvaltninga av samlingane til Randaberg bygdemuseum. Frå 2006 fekk Jærmuseet tilført 1 mill. kr. frå KKD øyremerka tiltak på Hå gamle prestegard. Av ulike grunnar, som manglande avklaring av ansvaret for kulturminnevernet, moms-problematikk, mm., er det førebels ikkje inngått formell konsolideringsavtale. Det er likevel innført fellesbillett mellom Jærmuseet/Vitengarden og HGP. Besøkstal og arrangement på HGP blir rapport saman med Jærmuseet i museumsstatistikken.

NYBYGG I SANDNES

Hausten 2006 blei det avklart at Sandes kommune, pga. momskompensasjons-reglane, skal vera byggherre for det nye museumsbygget i Sandnes. Byggearbeidet starta opp sommaren 2006. Bygget er om lag 4000 m². Det har ei kostnadsramme på 95 mill. kr. eks. mva. og har følgjande finansieringsplan:

Sandnes kommune	25 mill.
Staten v/Kulturdep.	45 mill.
Rogaland fylkeskommune	17 mill
Dei andre Jærkommunane	4 mill.
Sparebank1, SR-bank	4 mill

Byggearbeidet kan følgjast på webkamera:
[http://web3.aftenbladet.no/webkamera/
article347256.ece](http://web3.aftenbladet.no/webkamera/article347256.ece)

Planetarium

I nybygget er det også planlagd eit planetarium med ein kostnadskalkyle på om lag 25 – 30 mill. Planetariet må finansierast ved sponsorbidrag, og i 2006 løvvde selskapet Total Elf 300.000 kr. og Sandnes kommune 100.000 til utarbeiding av profilermateriell.

BESØK OG TILBUD TIL PUBLIKUM

Besøk:

Jærmuseet sine anlegg hadde i 2006 108.263 gester, inkludert 37.000 besøkande på Hå gamle prestegard. Av dette var over 62.000 barn og unge. I 2005 hadde museet 76.283 besøkande (eks. HGP), av dette utgjorde barn og unge nærmere 52.000.



Departementsråd i Landbruks- og matdepartementet
Per Harald Grue viser at han meistrar steinrydding med brot og handemakt.
Foto: ???

Publikumstilbud

Jærmuseet sitt formidlingstilbod tar sikte på å nå alle delar av befolkninga. Av det lause publikumet er svært mange familiar – barn, foreldre, besteforeldre.

Museet har ope for grupper etter avtale utanom opningstidene.

Jærmuseet legg vekt på eit breitt samarbeid med lokale og regionale lag og foreningar, bedrifter og andre institusjonar om opne publikumsarrangement og faglege aktivitetar.



Fylkesjordsjef Joar Oltedal åpna vandreutstillinga "Emnetre" på Vitengarden i januar 2006.

Foto: ???



Astronomen Knut Jørgen R. Ødegaard trekte mykje folk til bokkafeen i Krossens Havremølle/Vitenfabrikken.

Foto: ???

Frå aktivitetskalenderen 2006 kan nemnast:

Januar:

Opning av utstillinga «Emnetre», Vitengarden
Aktivitetssøndagar «Gjer eit spikk»

Februar:

Vinterferie med SciLab, Vitengarden

Mars:

Regional finale i konkurransen «Unge Forskarar»,
Vitengarden

April:

«Eggande aktivitetar», Vitengarden
Bokkafé med Knut Jørgen R. Ødegård Vitenfabrikken
Friuftsdag for psykisk utviklingshemma, Vitengarden

Mai:

Mattetivoli og årsmøte i LAMIS, Vitengarden
70 års jubileum for 4H, åpe arrangement, Vitengarden
Arrangement for Klepp kommune sin danske
vennuskapskommune, Mariager. Vitengarden
Nysgjerrigperdagen for Region Sør, Vitengarden
Fagseminar om matematikk for Vitennettet,
Vitenfabrikken
Departementsrådane besøker Jærmuseet i samband
med sitt besøk i Rogaland, Vitengarden

Juni:

Bie- og dropsdag, Vitengarden
Hagedag, Grødal land
«Farming for Health», europeisk workshop,
Vitengarden
Opning av utstillinga «Sild på Jæren», Haugabakka
Tine feirar 125 års jubileum, åpe familiearrangement,
Vitengarden
Aktivitetsveke på Limagarden, Gjesdal

Juli:

«Møt bondekona på garden», Vitengarden
Baka syrekaker og kinna smør, Grødal land

August:

Aktivitetsdag, Varden Sjøredningsmuseum
Baka flatbrød og kinna smør, Grødal land
Teknikken dag, Vitengarden
Den tysk-norske landbrukskommisjon besøker
Jærmuseet, Vitengarden
Møllekveld i Krossens Havremølle, Vitenfabrikken

September:

Geologiens dag, Vitengarden
Kulturminnedagen, Vitenfabrikken
Husflidsdagen, Vitengarden
Baking og gamle spel, Grødal land
4H dag, Vitengarden
Det regionale forskingstorget, Vitenfabrikken
Opning av SPOR-utstillinga «Migrasjon», Vitengarden
«Frå kodn te komla», Limagarden

Oktober:

Haustferieveke med kjøkkenkjemi, Vitengarden
Vin- og matmesse, Vitengarden
Whisky-messe, Vitengarden
TEKNA familieday, Vitenfabrikken

November:

«Dette æ vel 'kje matte?», Vitengarden
Bokkafé m. Margaret Skjelbred og Ingrid Z. Aanestad,
Vitenfabrikken
Opning av vandreutstillinga «Tilbakeblikk – norske
landskap», Vitengarden

Desember:

«Juletradisjonar», Vitengarden



Detta æ vel 'kje matte?
Frå aktivitetsdag på Vitengarden i november.
Foto: ???



Exxon mobil sin stand var også representert på forskingstorget
på Vitenfabrikken.
Foto: ???

Jærmuseet får jevnleg besøk av m.a. andre museum, vitensenterprosjekt og politikarar som ønskjer å få meir kunnskap om vitensenterpedagogikk og interaktive utstillingar.

Andre publikumstilbud

Det blei i 2006 investert i ny butikk på Vitengarden, med større plass og betydeleg auke i vareutvalet, noko som har ført til vesentleg auke i omsetninga.

Gåver til utstillingane:

Vitenfabrikken fekk overta Exxon Mobil sin stand på Oljemessa i 2006, og dette skal innarbeidast i utstillinga «Abels skissebok».

Frå ABB, Bryne fekk Vitengarden ein operativ ABB-robot som inngår som ein del av utstillingstemaet «Fabrikken».

Nye utstillingsprosjekt

I 2006 starta arbeidet med utstillinga «*Abels skissebok*» på Vitenfabrikken. Dette er eitt av hovudprosjekta i «Europeisk kulturhovudstad 2008». Utstillinga har ved utgangen 2006 tilsegn om 14,5 mill i eksterne midlar. *Abels skissebok* er ei utstilling som skal presentera grunnleggande fenomen innanfor naturvitenskap og realfag, med eit særleg

fokus på samanhengar mellom teknologi, vitskap og kunst. Innanfor denne overordna ramma vil utstillinga bli bygt opp kring seks sentrale tema: kulturell påverknad, hjernen, materiala, verktøyet, energi, logistikk.

Museet samarbeider med ulike forskarar og fagmiljø om å utvikla det faglege innhaldet. Utstillinga skal åpna samtidig med nybygget 22. mai 2008. Etter 2008 skal perspektivet dreiest mot regional industrihistorie.

Undervising/formidling mot barn og unge

Jærmuseet har barn og unge, skular og barnefamiliar som si hovudmålgruppe. Museet hadde i 2006 39.793 barn og unge i organiserte opplegg medrekna tal frå Hå gamle prestegard. Dei faste anlegga har hatt besøk av elevar frå 14 kommunar, 2 utanom Rogaland.

Undervising:

Jærmuseet tilbyr over 60 undervisingsopplegg på ulike lokalitetar, inkludert Flyhistorisk Museum Sola.

Undervisingsopplegga er forankra i læreplanane på ulike klassesteg. Undervisingsopplegga legg opp til tverrfaglegheit og sameinig av natur-



På skuleturneane sine tilbyr Science Circus både utstilling med eksperiment, show, undervisningsopplegg for ulike klassesteg og lærarkurs.

Foto: ???

vitskap og kulturhistorie. Stadig fleire lærarar brukar utstillingane/vitensenteret på eiga hand med mindre elevgrupper. Jærmuseet brukar også kulturlandskapet som undervisingsarena. På Vitengarden har ein tilgang til 700 da kulturminne- og friluftsområde, og museet driv eigen 4H- og

museumsgard med gamle husdyrrasar og 50 da dyrka jordbruksareal.

Det ambulerande realfagstilbodet Science Circus besøkte i 2006 76 skular i Rogaland, Vest-Agder og Aust-Agder, Hordaland og Sogn og Fjordane, og hadde vel 15.500 elevar i organisert undervising.

Delar av utstilling til SC var i 3 veker utlånt til Agder Naturmuseum og Botaniske Hage i Kristiansand.

SC er i finansiert gjennom dei særskilde skulesekkmidlane til vitensentraene.

Turneane i Rogaland og Agder er organiserte gjennom DKS i fylkeskommunane.

Sandnes kommune har brukt av eigne skulesekk-midlar og gitt ekstra tilskot til formidlingsopplegg på Vitenfabrikken.

Alle grunnskuleelevar har gratis inngang til Jærmuseet sine anlegg.

I 2006 hadde 10 lærarstudentar frå UiS praksis i på ulike avdelingar i Jærmuseet. Det blei arrangert kurs for 118 lærargrupper med i alt 1408 deltakrar.

Fordeling på klassesteg og anlegg i 2006:

- unntatt Hå gamle prestegard

	Viten-garden		Viten-fabrikken		Hå bm.		Gjesdal bm		Klepp bm		Science.C.		FMS		Sum		
	2006	2005	2006	2005	2006	2005	2006	2005	2006	*	2006	2005	2006	2005	2006	2005	
Barnehagar	1940	1 572	69	47	14	30										2 023	1 649
Barnetrinnet	7005	7101	3 871	4602	41	181	1082	987	102		8543	9844	280	177	20 924	22 892	
Ungdomstrinn.	1979	1764	2 027	3218	197	147	253	130			6991	7111			11 447	12 370	
Vid. Skular	809	761	439	889	109	160		211					823			1 357	2 406
SFO, fritidsgr.	796	534		216			186									982	1 188
Studentar	85	137	175	145												260	282
Sum	12 614	11 869	6 581	9 117	361	518	1521	1328	102		15543	17778	280	177	37 428	40 787	
Anna publikum	22 935	24 740	2 625	5605	987	1458	979	804	100							27 626	32 607
Utleige	5541	2591	103	298			20		180							5 844	**
Sum i alt	41 090	39 200	9 309	15 020	1348	1976	2520	2132	382		15543	17778	280	177	70 898	76 283	

* Har ikkje tal for 2005

Andre tiltak mot barn og unge

Jærmuseet har elles gjennomført fleire forskarkurs for barn etter skuletid, SFO-veke for småbarns- og mellomtrinnet, bursdagselskap og aktivitetsopplegg for barn i vinter- og haustferien.

Som vitensenter har Jærmuseet ansvar for å gjennomføra regionale finalar i konkurransane *Unge Forskarar og Nysgjerrigper*.

Regional finale i konkurransane *Unge Forskarar* blei første gang gjennomført i 2006. *Unge Forskarar* er ein landsomfattande konkurranse for ungdomsskular og vidaregåande skular.

Rogaland merker seg ut med særskilt høg deltaking og med høg kvalitet på mange bidrag. UiS har ansvaret for den regionale juryen og juryarbeidet. Prisutdelinga i 2006 skjedde på Vitengarden, Nærø.

Jærmuseet har og ansvaret for det regionale juryarbeidet i «Region Sør» i Nysgjerrigper konkurransen kor elevar frå 1. – 7. klasse kan delta. Region Sør omfattar i denne samanheng Rogaland,



Norges Veterinærhøgskole si avdeling i Sandnes har i fleire år vore aktive deltakarar på det regionale forskingstorget. Jærmuseet sin styreleiar, professor Martha J. Ulvund, informerer om forskningsprosjekta omkring sjukdom på sau.

Foto: ???

Aust- og Vest-Agder, Vestfold og Telemark. Sidan 2003 har det blitt arrangert ein årleg Nysgjerrigperdag på Vitengarden der dei beste bidraga frå vår region blir presentert.

Sidan 2004 har Vitenfabrikken vore vertskap for det regionale forskingstorget under Forskningsdaga. I 2006 blei forskingstorget åpna i Stavanger og avslutta i Sandnes.

Anna utoverretta informasjon

Jærmuseet lanserte nye internett sider hausten 2006.

Frå hausten 2006 prøver Jærmuseet å gi ut eit informasjonsark kvar månad, «Kva skjer?».

Årboka, Sjå Jæren, blir utgitt kvart år i desember.

Nye tiltak og prosjekt:

– TEKNA har gitt 100.000 til innkjøp av ambulerande matematikkutstyr til bruk i grunnskulen.

Utstyret skal lånast ut til skular og utlånsordninga blir forvalta av Vitenfabrikken.

Museet deltar i fleire nordiske prosjekt med sikte på å utvikla nye formidlingstilbod og formidlingsformer.

– Science Circus har fått støtte frå Utdanningsdirektoratet til pilotprosjekt «Kvardagskjemi». Dette er eit samarbeid med vitensentra i Sverie og Island, og kan også betraktast som eit «Newtonrom på hjul».

Opplegget vil bestå av ambulerande utstilling, show, undervising og lærarkurs.

«Linné og berekraftig utvikling» er eit samarbeid med fleire nordiske vitensentra som har utvikla eit formidlingsopplegg i samband med 300 års jubileet for vitskapsmannen Carl von Linnés fødsel.

Jærmuseet har som mål å auka tilbodet til vidaregåande skular.

I 2006 fekk Jærmuseet tilsegn om 250.000 kroner i regionale utviklingsmidlar (RUP) frå Rogaland fylkeskommune til å utvikla eit opplegg for bruk og formidling av GIS/GPS i vidaregåande skule. Jærmuseet samarbeider med Bryne vgs om opplegg og utprøving.

DOKUMENTASJON OG FORSKING

Nasjonale nettverk

Alle museum som får driftsmidlar frå Kulturdepartementet skal delta i nasjonale museumsnettverk. Jærmuseet deltar i to slike fagnettverk. I tillegg er Jærmuseet aktiv i nettverket av norske vitensentra.

• *Nettverk for samtidsdokumentasjon*

I 2006 starta Jærmuseet eit nytt forskings-prosjekt i samarbeid med Akershus fylkesmuseum og Sosialantropologisk institutt ved UiO. Tema er mat, koss mat og kosthald blir framstilt i media, koss den offentlege debatten om kosthald verkar inn på folks praksis. Prosjektet skal avsluttast i 2009, og vil skapa nytt materiale for å vidareutvikla basisutstillinga «.. men mat må me ha» på Vitengarden. Jærmuseet er tildelt 263.000 kroner frå Norges Forskningsråd fordelt over tre år. Eigeninnsatsen, i hovudsak personal-ressursar, utgjer omlag kr. 524 500,- som blir dekka over ordinært driftsbudsjett.

• *Kulturlandskapsnettverket*

Jærmuseet deltar her med prosjektet «Tilbakeføring av kystlynghei». Dette er eit samarbeid mellom Jærmuseet, Bioforsk Særheim, Fylkesmannen i Rogaland og Hå kommune v/landbruksjefen. Prosjektet starta opp i 2004 og har i denne omgang ein tidshorisont fram til 2012.

Målet for prosjektet er m.a.

- å bevara lynchei som landskapstype gjennom målretta skjøtsel
- visa ulike alternativ for skjøtsel
- analysera koss dei ulike skjøtselsmetodane verkar inn på arter og plantesamfunn
- komma fram til forslag om koss lyncheia bør skjøttast

Pensjonistar deltar i konkret skjøtselsarbeid som brenning og slått, og bidrar til kunnskapsoverføring til elevar frå ungdomsskulen som også er med på praktisk skjøtselsarbeid. Jordprøver, vegetasjonsprøver og vidare analyse tolking har blitt tilpassa vidaregåande skular og lærarkurs. Prosjektet blir

i hovudsak finansiert over eige driftsbudsjett, med tilskot frå Fylkeskommunen, Fylkesmannen og Hå kommune. Til nå er det løyvd om lag 130.000 kroner i eksterne midlar

Andre dokumentasjonsprosjekt

Vindkraft, samarbeid med NVE Jærmuseet har fått tilskot frå NVE til eit forprosjekt for å dokumentera bruk av vindkraft i eldre tid. Vindkraft er allereie eit tema i utstillinga på Vitengarden, og det vil bli utvikla vidare. NVE ønskjer og at Jærmuseet utarbeider opplegg for formidling av vindkraft og problemstillingar knytt til utbygging av denne energikjelda i Norge

Bevaring av gamle husdyrrasar

Jærmuseet driv museumsgard på heilårsbasis kor publikum kan bli kjent med dei vanlegaste husdyra våre. Husdyra er ein viktig del av undervisinga på Vitengarden, men museet deltar også i arbeidet med å bevara gamle husdyrrasar, og har ein samarbeidsavtale med Norsk genressurssenter. Me har ei bevaringsbesetning av vestlandsk raukolle, eldre norsk landsvin og jærhøns.

Samlinger

Jærmuseet hadde ved utgangen av 2006 34.191 kulturhistoriske gjenstandar, ein auke frå 33.030 i 2005. Etter konsolideringa har Jærmuseet fått meir enn femdobla si gjenstandsamling, frå om lag 5900 gjenstandar i 2001.

Museet fører ein restriktiv innsamlingspraksis, og prioriterer i hovudsak gjenstandar som er knytt til samtid og nær fortid, faglege innsamlingsplanar og dokumentasjonsprosjekt.

Av tilveksten i 2006 kan nemnast ei større samling med veterinærutstyr og jordskifteutstyr, og arkivet til lokalbåten Riskafjord AS.

Særlege utfordringar:

- Betre sikring av bygdemuseumssamlingane m.o.t. oppbevaring og tjuveri. I 2006 fekk museet ansvar for ytterlegare to slike samlingar.
- Utarbeida betre oversyn over samlingane frå nokre av lokalmusea.



I 2006 prioriterte Jærmuseet arbeidet med å ordna fotosamlinga til Randaberg bygdemuseum og registreringa av syklar i Øglændsamlinga.

Foto: ???



Sykkel. DBS Crossmaster frå 1971. JÆJØM 1119

I tillegg til gjenstandssamlinga har museet ca. 200 hyllemeter privatarkiv, og fotosamlingar (158 000 foto). Frå 2006 er det sett i gang arbeid med å laga *tiltaksplass* for å komma à jour med registrering, katalogisering, sikring og bevaring.

Jærmuseet har i 2006 prioritert å rydda og pakka privatarkiv, i alt 36,7 hyllemeter i 11 ulike arkiv. I 2006 fekk me ein tilvekst på 7 ulike privatarkiv. Framleis er nær 100 hyllemeter uordna.

I arbeidet med fotosamlingane har ein særleg koncentrert seg om å registrera og ordna fotosamlinga til Randaberg bygdemuseum.

Framhald av arbeidet med å dokumentera og registrera syklar i Øglændsamlinga har vore prioritert, samt tekstsamslinga frå det tidlegare Sandnesmuseet.

Tilvekst 2001 – 2006:

Sum	Antikvariske bygningar	Gjenstandar	Privatarkiv	Eigne foto	Foto i foto-samlingar
2001	11	5 892	44	27 775	36 500
2006	42	34 191	93	59 626	108 981

Lager

Ein stor del av Jærmuseet sine samlingar er lagra i dei gamle NATO-hallane på Åmøy, der Rogaland fylkeskommune har skaffa fellesmagasin til regionmusea.

Lagerproblema er likevel langt frå løyste, og også i 2005 var delar av samlinga på flyttefot. M.a. måtte magasinet i Solavn. 10 mellombels tömmast i samband med byggeprosjektet.

Vedlikehald av antikvariske bygningar

Jærmuseet hadde i 2006 ansvaret for 42 antikvariske bygningar; mot 40 året før.

Det er blir gjennomført årleg tilsyn med alle antikvariske bygningar, tilstanden er vurdert og det er utført vedlikehald, panneskift og mindre utbedringsarbeid på våningshuset på Austrått, kvernhus på Eskeland, skulehus Haugabakka, smie Motland, heimehusa på Grødal og fleire av bygningane på Limagarden.

Dei siste åra er det blitt samla eit stort lager av gamle teglpanner som skal brukast til vedlikehald av antikvariske bygningar. Omlag 11000 panner av ulike kvalitetar og typar er nå lagra på Altona.

Jærmuseet har gjennom mange år hatt eit omfattande restaureringsarbeid gåande på det gamle heimehuset på Audamotland. Grunna knappe handverkarressursar og interne prioriteringar skjer dette arbeidet i rykk og napp. I 2006 er fol-

gestova bygd opp att, det er tatt stilling til utvendig panel og ulike typar vindauge. Audamotland vil bli sentral i Jærmuseet si formidling av lokal byggeskikk.

ÅRSVERK, LIKESTILLING OG ARBEIDSMILJØ

I 2006 blei det i Jærmuseet utført 30,2 årsverk, av dette er 0,6 utført av frivillige. I 2005 blei det til saman utført 27,9 årsverk.

Jærmuseet har ei overvekt av kvinnelege tilsette. Av dei faste medarbeidarane er 14 kvinner og 8 menn. 19,8 årsverk blei utført av kvinner, 10,4 av menn. 22 personar var fast tilsette.

Direktør, nestleiar og to avdelingsleiarar er kvinner. Styret består av to kvinner, inkludert styreleiar, og 9 menn.

Det sosiale og fysiske arbeidsmiljøet ved Jærmuseet blir vurdert som godt. I 2006 var samla sjukefråvær 2,8 %, ein vesentleg del av dette var relatert til langtidssjukemeldingar og svangerskap.

Drifta av Jærmuseet ureinar ikkje det ytre miljø.

ØKONOMI:

Omsetninga i 2006 var nær 20,3 mill., i 2005 om lag 21 mill. Denne nedgangen skuldast bruk av overførte prosjektmidlar. Offentlege tilskot og eigen-

inntekter auka i 2006. Samla inntekter, inkludert overførte midlar og prosjektmidlar utgjorde 20,28 mill. kr, utgiftene 20,61 mill kr. Samla årsresultat, inkludert renteinntekter, var kr 215 694, medan tilsvارande resultat i 2005 utgjorde 622.276.

Styret meiner å ha tilstrekkeleg eigenkapital som trygd mot uventa kostnads- og inntektssvingingar.

Jærmuseet får driftstilskot frå staten, Rogaland fylkeskommune og jærkommunane. Inkludert skulesekkmidlar og vitensentermidlar er staten den største bidragsytaren.

	2006	2005
Jærkommunane	4,797	4,548
Rogaland fylkeskommune	2,540	1,990
KKD (inkl. HGP)	5,247	4,115
KD/Norges Forskningsråd	2,000	1,600
Den kulturelle skulesekken	1,200	1,200

FRAMLEIS DRIFT

Institusjonen har føresetnader for å driva vidare, og årsrekneskapen for 2006 bygger på denne føresetnaden.

JÆRMUSEET RESULTATREKNESKAP 2006

	Note	2006	2005
FASTE OFFENTLEGE TILSKOT		11 584 121	10 653 732
TILSKOT HÅ GAMLE PRESTEGARD		1 000 000	
SALSINNTEKTER		709 530	533 094
ENTREINNTEKTER		711 142	522 460
UTLEIGE		229 504	203 116
BOKSAL		67 523	79 486
MEDLEMSSKAP/ANNONSER		169 253	147 365
JORDBRUKSINNTEKT		56 852	58 595
OPPDRAK/KURS DIV. INNTEKTER		375 496	488 617
TILSKOT FORSKNING		87 667	
BRUK AV TILSKOT DKS/VITENDRIFT	1	3 635 326	
BRUK ANDRE ØYREMERKA TILSKOT	1	1 575 493	8 259 681
REFUSJONAR	2	80 814	61 168
Sum driftsinntekter		20 282 720	21 007 314
LØNNSKOSTNADER	3	9 671 683	8 929 251
HONORAR	3	60 735	100 577
SOSIALE KOSTNADER	3	2 500 097	2 206 422
INNKJØP AV VARER FOR SAL		536 189	398 215
KJØP INVENTAR OG MATERIELL		458 860	398 451
VEDLIKEHALD BYGG		190 006	348 626
NEDSKRIVING BYGG		0	68 463
VEDLIKEHALD ANLEGG		160 399	272 924
VEDLIKEHALD UTSTYR/SAMLINGAR		176 595	108 096
VITENSENTERUTSTILLINGAR		548 870	3 735 828
KONTOR OG ADM.KOSTNADER		541 110	460 605
STRAUM OG REINHALD		776 800	643 370
LAGERLEIGE		65 221	55 440
AVGIFTER/FORSIKRINGAR		266 761	257 726
REISER/KURS/TRANSPORT		668 098	494 483
GARDSDRIFT		131 421	98 865
MARKNADSFØRING/PUBLIKUMKOSTN.		1 091 934	597 321
PUBLIKASJONAR/DOKUMENTASJON		193 249	129 402
ORD. AVSKRIVINGAR		193 304	183 922
KJ. TENESTE/HONORAR SJØLV.NÆR.	3	891 838	767 075
ANDRE DRIFTSKOSTNADER	4	487 307	405 411
PROSJEKT HÅ GAMLE PRESTEGARD		1 000 000	
Sum driftskostnader		20 610 478	20 660 473
Renteinntekter		543 452	275 435
Årsresultat		215 694	622 276
Overført annan eigenkapital		215 694	622 276

Jærmuseet rekneskap 2006 - Balanse pr. 31.12. - 2006

Eigendelar	Note	2006	2005
Anleggsmidlar			
Varige driftsmidlar			
Informasjonssystem	5	73 431	104 902
Byggetrinn 1	5	0	0
Byggetrinn 2	5	0	0
Uteanlegg/amfi Kvia	5	195 204	212 178
Inventar/utstyr	5	0	0
Interiør møterom Kvia	5	38 982	48 728
Kontorinventar/utsyr Sandnes	5	38 234	47 794
ITV-overvåking Kvia	5	94 970	118 712
EDB-utstyr	5	0	0
EDB-installasjon Sandnes	5	41 123	58 747
EDB-dokumentstyring	5	47 138	67 340
Bilar/transportmidlar	5	255 937	187 787
Samlingar	8	200 000	200 000
Sum varige driftsmidlar		985 019	1 046 188
Innskot Nærø Handelslag		24 943	22 700
Eigenkapitaltilskot KLP		74 551	50 569
Sum finansielle anleggsmidlar		99 494	73 269
Sum anleggsmidlar		1 084 513	1 119 457
Omløpsmidlar			
Varelager	6	238 985	209 692
Fordringar			
Kundefordringar		460 909	452 551
Meirverdiavgift		517	
Andre kortsiktige fordringar		1 595	2 807
Sum fordringar		702 006	665 050
Bankinnskot kontantar og likn.	7	17 092 620	9 978 689
Sum omløpsmidlar		17 794 627	10 643 739
Sum eigendelar		18 879 140	11 763 195

	Note	2006	2005
Balanse eigenkapital og gjeld			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Grunnkapital	8	200 000	200 000
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital		5 541 858	5 326 164
Sum eigenkapital		5 741 858	5 526 164
Gjeld			
Ubrukte øyremerka midlar			
Ubrukte midlar, byggetrinn1	1	255 188	255 188
Ubrukte midlar, byggetrinn3	1	5 743 056	0
Andre øyremerka tilskot	1	3 691 328	2 615 675
Sum ubrukte øyremerka midlar		9 689 573	2 870 863
Anna langsiktig gjeld			
Hå kommune		288 000	288 000
Sum anna langsiktig gjeld		288 000	288 000
Kortsiktig gjeld			
Vennelaget		7 300	6 353
Leverandørgjeld		1 053 574	1 111 664
Skuldig skattetrekk		445 773	433 460
Skuldig arbeidsgjevaravgift		288 018	259 206
Skuldige feriepengar inkl.arb.gj.avg		1 206 989	1 099 219
Påløpt løn		128 933	99 260
Skuldig meirverdiavgift			33 476
Forskot inntekter		29 122	35 530
Sum kortsiktig gjeld		3 159 709	3 078 168
Sum gjeld		13 137 282	6 237 032
Sum gjeld og eigenkapital		18 879 140	11 763 195

Nærboe, 18.03.2007

Martha J. Ulvund
Styreleiar

Terje Mjåtveit

Per Øhman

Jostein W. Røvik

Roald G. Bergsaker

Elfin Lea

Michael Evans

Ingrid Haugland

Karl Edvard Aksnes

Tor Alm

Olav Bråteit

Målfrid Snørteland
Museumsdirektør

REKNESKAP FOR STIFTINGA JÆRMUSEET 2006 - NOTER

Note nr. 1 Ubrukte øyremerka midlar

Ubrukte midlar, byggetrinn 1

Ubrukte midlar 01.01.06	255.188
Investering 2006	0
Ubrukte midlar 31.12.06	255.188

Andre øyremerka tilskot

Tilskot og gåver 2006	12 029 528
Overført fra 2005	2 615 675
Overført til 2007	9 434 384
Bruk øyremerka tilskot 2006	5 210 819 Ført som driftsinntekter i resultatrekneskapen

Jærmuseet har fått tilskot fra følgjande bidragsytarar i 2006:

Rogaland fylke	5 000 000	Byggeprosjekt Sandnes
Klepp kommune	388 000	Byggeprosjekt Sandnes
Stavanger 2008	1 800 000	Abels skissebok
Noregs Forskningsråd	2 000 000	Driftsmidlar vitensenter
Lyse AS	100 000	Tilskot drift vitensenter
Kulturdepartementet	1 200 000	"DKS" vitensenterprosjekt
Sandnes kommune	65 000	Tilskot formidling "DKS" vitensenterprosjekt
Statens Landbruksforvaltning	212 500	Fylkesvis BU-midl. "Garden som ped. ress."
Statens Landbruksforvaltning	40 000	KIL-midlar "Garden som pedagogisk ressurs"
Hå kommune	25 000	Tilskot "Lynghiprojekt"
Rogaland fylke	180 000	RUP-midlar tilprosjekt CIS/GPS
Utdanningsdirektoratet	75 000	Plast & Kjemi prosjekt
Elsa Eik	5 000	Gåve forsking
Hå kommune	103 028	Ferdigstilling løa Audamotland
Sandnes kommune	100 000	Presentasjonsmatriell nybygg Sandnes
Total E & P AS	375 000	Presentasjonsmatriell nybygg Sandnes
Hå kommune	15 000	Arrangement Unge forskrarar
Marathon Oil	100 000	Utstilling Abels skissebok
Tekna	100 000	Matematikkutstyr til utleige
ABM-utvikling	20 000	Støtte til formidlarkurs
Noregs vassdrag-og energidir.	126 000	Vindkraftprosjekt
Totalt	12 029 528	

Ubrukte tilskot er ført som gjeld i balansen.

Note nr.2 Refusjonar

Refusjon for studentpraksis/kursarrangement	kr. 28.161
Refusjon arbeidstrening	kr. 4.653
Refusjon kulturminnetiltak	kr. 48.000

Kr. 80.814

Note nr.3 Tilsette og godtgjersler

Stiftinga Jærmuseet hadde **28 årsverk i 2006**.

Løn til dagleg leiar utgjorde kr. 553.000

Honorar til styreleiar kr. 40.000. Møtegodtgjersle 1 styremedlem kr. 3.500

Stiftinga Jærmuseet har **ytelsesbasert tjenestepensjonsordning** med avtalefesta pensjon, ulykkes- og gruppelivsforsikring. **Pensjonskostnader kr. 928.133** ulykke/gruppelivsforsikring kr. 89.623 og APO-fond kr. 3.336 samt arbeidsgjevaravgift er ført under sosiale kostnader.

Det er **ikkje gitt lån eller stilt sikkerheit** for lån til direktør, styremedlemmar eller tilsette i stiftinga.

Godtgjersle til revisor: Rekneskapsrevisjon kr. 19.125 og kr 7.125 for råd vedr. meirverdiavgift nybygg .

Note nr.4 Andre driftskostnader

Drift bilpark	kr. 176.859
Møteutgifter/representasjon/gåver	kr. 99.587
Kontingentar	kr. 75.954
GSPR prosjektmidlar sluttoppgjer til HLB	kr. 89.485
GSPR utgifter til samlingar	kr. 27.415
<u>Bankgebyr/diverse utgifter</u>	<u>kr. 18.007</u>
	<u>Kr. 487.307</u>

Note nr. 5: Varige driftsmidde

	Inventar /utstyr	EDB- utstyr	Transp. midlar	Bygningar Trinn 1	Bygningar Trinn 2	Amfi/ uteanlegg	
Bokført 01.01.06	668.779	409.899	187.787	18.511.918	15.979.718	212.178	35.970.279
Tilgang 2006	0	0	132.135	0	0	0	132.135
Kostpris 31.12.06	668.779	409.899	319.922	18.511.918	15.979.718	212.178	36.102.414
Nedsk. m.tilsk./disp.EK 2006	0	0	0			0	
Tot.nedskr. pr. 31.12.06	453.545	178.910		18.511.918	15.979.718	0	35.124.091
Dr.midlar til ord. avskriving	215.234	230.989	319.922			212.178	978.323
Ord. avskriving driftsmidlar	43.048	69.297	63.985			16.974	193.304
Bokført verdi 31.12.06	172.186	161.692	255.937	0	0	195.204	785.019

Kjøp varebil Opel Vivaro januar 2006 til Vitenfabrikken Sandnes , kr 132.135,- avskreve 20% i 12 mnd. Varige driftsmidlar elles er finansiert med tilskot og frie eigne midlar, ført som frådrag i anskaffelseskostnad og gir kostpris lik 0. Avskriving over levetida og tilsvarende inntektsføring av tilskot, ville gi samme driftsresultat.

Jærmuseet nytta kr 50.000,- som nedre beløpsgrense ved vurdering av balanseføring kontra resultatføring av varige driftsmidlar.

Jærmuseet har næringslivsforsikring med dekning for skade på publikum, eigedelar og driftstap.. Våre bygg er fullverdiforsikra. Premiegrunnlag for hovudbygg og verkstad kr. 62.394.203. For øvlege eigedommar var premiegrunnlaget i 2006 totalt kr. 10.794.678.

Note nr.6: Varelager

Varelageret som består av ferdigvarer, er opptalt pr. 31.12. og verdien er vurdert til inntakskost.

Note nr. 7: Bundne midlar

Av totale bankinnskot på kr. 17.075.970,95,- utgjer kr. 453.773,- bundne skattetrekksmidlar, ubrukte midlar byggesteg 1 kr. 255.188,- og byggesteg 3 kr. 5.743.056,- Vidare er det kr. 3.691.328,- i bundne midlar øyremerka konkrete prosjekt.

Note nr. 8: Grunnkapitalen

I følgje museet sine vedtekter utgjer samlingane Stiftinga Jærmuseet sin grunnkapital. Grunnkapitalen i offentlege stiftingar skal vera minst 200.000,- kroner. Det er vanskeleg å fastsetja samlingane sin reelle verdi, m.a. fordi mange ting er uerstattelege. Samlingane er fullverdiforsikra.

Årsmøtet
Stiftelsen Jærmuseet
V/styreleder Martha Ulvund

REVISJONSBERETNING FOR STIFTELSEN JÆRMUSEET FOR 2006

Vi har revidert årsregnskapet for stiftelsen Jærmuseet for regnskapsåret 2006 som viser et overskudd på kr 215.694. Vi har også revidert opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet, forutsetningen om fortsatt drift. Årsregnskapet består av resultatregnskap, balanse og noteopplysninger. Regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge er anvendt ved utarbeidelsen av regnskapet. Årsregnskapet og årsberetningen er avgitt av stiftelsens styre og daglig leder. Vår oppgave er å uttale oss om årsregnskapet og øvrige forhold i henhold til stiftelseslovens krav.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder revisjonsstandarder vedtatt av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardene krever at vi planlegger og utfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon. Revisjon omfatter kontroll av utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, vurdering av de benyttede regnskapsprinsipper og vesentlige regnskapsestimater, samt vurdering av innholdet i og presentasjonen av årsregnskapet. I den grad det følger av god revisjonsskikk, omfatter revisjon også en gjennomgåelse av stiftelsens økonomiforvaltning og den interne administrative kontroll. Vi mener at vår revisjon gir et forsvarlig grunnlag for vår uttalelse.

Vi mener at

- årsregnskapet er avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettvisende bilde av stiftelsens økonomiske stilling 31. desember 2006 og av resultatet i regnskapsåret i overensstemmelse med god regnskapsskikk i Norge
- ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge
- opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet, forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet og i samsvar med lov og forskrifter.

Vi har ikke fått kjennskap til noe forhold som tilsier at stiftelsens forvaltning ikke er foretatt i samsvar med lov, stiftelsens formål og vedtekten for øvrig.

Stavanger 23.03.07
Rogaland Revisjon IKS


Cicel T. Arrestad
Revisjondirektør/
statsautorisert revisor

Organisasjonen Jærmuseet er regionalt vitensenter for Sørvestlandet og regionmuseum for kommunane Randaberg, Sola, Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå.

- møtestad mellom natur, kultur & teknologi

www.jaermuseet.no



- 1 VITENGARDEN
- 2 VITENFABRIKKEN
- 3 GRØDALAND
- 4 VARDEN SJØREDNINGSMUSEUM
- 5 LIMAGARDEN
- 6 HAUGABAKKA
- 7 SJØBRUKSMUSEET
- 8 FLYHISTORISK MUSEUM SOLA
- 9 HÅ GAMLE PRESTEGARD
- 10 GARBORGHEIMEN
- 11 KNUDAHEIO

JÆRMUSEET sitt hovedkontor ligg på Vitengarden, Nærø. Besøksadresse hovedkontor: Kviategen 99, Kvia, Nærø Postadresse: Postboks 250, 4367 Nærø T: 51 79 94 20, F: 51 79 94 21 Epost: post@jaermuseet.no

VITENGARDEN | Kviategen 99, Kvia, Nærø. T: 51 79 94 20, epost: post@jaermuseet.no

VITENFABRIKKEN | Besøksadresse: Storgata 26, postadresse: P.b. 366, 4303 Sandnes. T: 51 97 25 40, epost: sandnes@jaermuseet.no

